

## **Referat etter foreldremøte på 7.trinn 09.09.19**

Velkommen ved Thomas Solberg, ny lærar på trinnet.

Lærarane er komne godt i gang med alle faga. Nytt av året er ein del tverrfaglige tema:

- Folkehelse og livsmeistring
- Bærekraftig utvikling
- Demokrati og medborgarskap

Synnøve informerte litt om arbeidsmengde og tekstlengde. Passelig mykje kan vera ulikt frå barn til barn.

Leiken er ennå viktig på 7.trinn. Viktig at dei får lov å vera barn og at skulen og foreldra ikkje pressar dei inn i ungdomstida. Den kjem tidsnok.

Sosiallærar Anne Kristine informerte om sine oppgåver. Både barn og foreldre kan ta kontakt med ho ved behov. Snakk med ungane om pubertet, empati og vennskap. Spør etter korleis dei har det på skulen.

Mariann informerte om nettvett.

Snakk med ungane kva app'ar dei er inne på, kven dei chattar med og sjekk aldersgrenser på spel og sosiale media. Nettmobbing er meir utbredt enn vi kanskje trur og mange har opplevd ubehagelige eller utrivelige meldingar på nett. Dette er også tema i Olweustimane i haust.

Hugs at det er ein raud knapp på nettsida til Rosseland skule som er enkel å bruke for å melde inn mobbesaker eller bekymringar ang mobbing.

Selskap: Vi fortset med same praksis som tidligare når det gjeld selskap. Inviter alle jentene i klassen eller alle gutane, slik at ingen blir ståande utanfor.

Informasjon frå foreldrekontaktane:

### **Nyttårsball fredag 10.januar**

Desse har meldt seg i komiteen: Anita, Trond, Kjersti, Tone Iren, Bjor, Siren, Torill, Cecilie

### **Avslutningsfest torsdag 11.juni**

I komiteen: Grethe, Endre, Marianne, Heine, Elin, Sigrid, Tone

Referent Marianne Kåstad